

ÅRSRAPPORT 2017



**SEKRETARIATET FOR MARKNADSRÅDET OG
FORBRUKARKLAGEUTVALET**

Innhald

Innhald.....	2
Del 1 Fråsegn frå leiaren.....	3
Del 2 Introduksjon til verksemda og hovudtal.....	4
2.1 Verksemda og samfunnsoppdraget	4
2.2 Omtale av organisasjonen.....	4
2.3 Utvalde hovudtal	6
Utvalde volumtal	6
Utvalde rekneskapstal	7
Del 3 Årets aktivitetar og resultat.....	8
3.1 Forbrukarklageutvalet	8
Mål- og resultat	8
Ny lov og forskrift	8
Informasjon om sakene som er behandla	9
3.2 Marknadsrådet	13
Mål- og resultat	13
Lovendringar.....	14
Del 4 Styring og kontroll av verksemda	15
4.1 Overordna vurdering av styring og kontroll	15
4.2 Nærare omtale av vesentlege forhold ved styring og kontroll	15
Økonomistyring	15
Produksjonsmål og rapportering.....	16
Helse, miljø og sikkerheit	16
Sosiale omsyn og miljøkrav i anskaffingar	16
Sikkerheit og beredskap	17
Varslingsrutinar	17
4.3 Personalforvaltning og bemanning	17
Oppfølging av IA-avtalen	17
Aktivitet- og utgreiingsplikter.....	17
Del 5 Vurdering av framtidsutsiktene.....	18
Del 6 Årsrekneskapen	19

Del 1

Fråsegn frå leiaren

Sekretariatet for Marknadsrådet og Forbrukarklageutvalet har i 2017 jobba for å realisere målet om god og effektiv tvisteløysing, og for å nå verksemda sine resultatkrav.

2017 har vore eit år med mange endringar. Nytt Forbrukarklageutval, med mange nye medlemmer, vart oppnemnd i januar 2017. Den nye lova om Forbrukarklageutvalet tok til å gjelde 1. mars 2017, og har gjeve endringar i utvalets verkeområde og saksbehandling. Det er vedteke endringar i handhevingssystemet i marknadsføringslova, som tok til å gjelde 1. januar 2018. Nytt Marknadsråd vart oppnemnd frå same dato.

Forbrukarklageutvalet har i 2017 avgjort fleire saker enn nokon gong tidligare. Ved inngangen til 2017 hadde Forbrukarklageutvalet høge restansar og for lang behandlingstid i høve til krava i den ny lova. Auka løyving i revidert nasjonalbudsjett gjorde det mogeleg å behandle fleire saker. Dette har krevd stor innsats både frå utvalet og sekretariatet. Medlemene har stilt opp ved å ta på seg møte utover den fastlagde møteplanen. Sekretariatet har jobba overtid og hatt mellombels tilsette for å førebu, og ferdigstille vedtaka. Ved utløpet av året vart behandlingstida i samsvar med lovas krav om behandlingstid på under 90 dagar.

Solid fagkompetanse både hos nye og gamle medlemmer i utvalet, og i sekretariatet, har gjeve høg kvalitet på vedtaka. Berre ein liten del har gått vidare til tingretten. Sekretariatet har hatt god dialog med Forbrukarrådet om rolleendringane i den nye lova, og det har vorte samarbeidd om elektronisk overføring av dokument og ulike praktiske og faglege spørsmål.

Marknadsrådet har realitetsbehandla seks saker i 2017. Dette er fleire saker enn i 2016, men meir på line med tidligare år. Den gjennomsnittlege behandlingstida vart noko høgare enn resultatkravet på tre og ein halv månad. Dette skuldast i hovudsak at fleire møte måtte utsetjast etter oppmoding frå parten, og endra tidspunkt for oversending av saker frå Forbrukartilsynet.

Eit stort prosjekt for auka digitalisering har vore at Forbrukerklageutvalet har teke i bruk ei digital møteplattform ved førebuing av sakene. Dette gjev auka informasjonssikkerheit, og innsparingar på papir, kopi og porto.

Ressursane er brukt til å realisere føremålet om god og effektiv tvisteløysning. Den samla ressursbruken var innanfor løyvinga med eit mindreforbruk på 2,1 prosent. Dette vil verte søkt overført til 2017.

Oslo, 28. februar 2018

Aslaug Skrede Gauslaa
direktør

Del 2

Introduksjon til verksemda og hovudtal

2.1 Verksemda og samfunnsoppdraget

Sekretariatet for Marknadsrådet og Forbrukarklageutvalet er eit statleg organ som administrativt er lagt under Barne- og likestillingsdepartementet.

Sekretariatet skal medverke til å realisere målet om god og effektiv løysing av forbrukartvistar. Dette skjer gjennom god organisering og tilrettelegging av arbeidet i Forbrukarklageutvalet og Marknadsrådet.

Forbrukarklageutvalet vart etablert i 1979, og er eit domstolsliknande forvaltningsorgan som avgjer tvistar i forbrukarsaker som gjeld kjøp av varer, handverkartenester og angrerett. Utvalet behandlar saker mellom ein næringsdrivande og ein forbrukar, og saker mellom to private partar.

Før ei sak kan behandlast av Forbrukarklageutvalet, må det først ha vore mekla i Forbrukarrådet. Dersom partane ikkje vert samde hos Forbrukarrådet, kan kvar av partane bringe saka inn for Forbrukarklageutvalet. Eit vedtak frå Forbrukarklageutvalet er bindande for partane, dersom saka ikkje vert tatt vidare til tingretten.

Marknadsrådet vart etablert i 1974, og er eit domstolsliknande forvaltningsorgan som avgjer saker om brot på marknadsføringslova, angrerettlova, alkohollova og tobakksskadelova.

Ei sak som Marknadsrådet skal behandle etter marknadsføringslova eller angrerettlova må først ha vore behandla i Forbrukartilsynet. Saka kan bringast inn for Marknadsrådet enten av Forbrukartilsynet eller andre med rettsleg interesse. Saker om forbod mot reklame for tobakk og alkohol må først ha vore til behandling i Helsedirektoratet.

Endringar i marknadsføringslova tok til å gjelde 1. januar 2018. Lovendringane inneber at Marknadsrådet vert eit reint klageorgan for vedtak frå Forbrukartilsynet. I tillegg vil lovendringane føre til endringar i saksbehandlinga og samansetjinga av Marknadsrådet.

2.2 Omtale av organisasjonen

Leiar for verksemda har i 2017 vore direktør Aslaug Skrede Gauslaa.

Sekretariatet har i 2017 hatt sju fast tilsette saksbehandlarar, som alle er juristar. I tillegg har sekretariatet to kontormedarbeidarar i full stilling, og ein i 20 prosent stilling. På grunn av tilleggsløyving for å ta hand om auka saksmengde, har verksemda i 2017 i tillegg hatt to mellombels tilsette juristar i tre månader, og stillingsprosenten til kontormedarbeidaren på deltid vart auka.

Nytt Forbrukarklageutval vart oppnemnd i januar 2017. Oppnemninga gjeld frå 25. januar 2017 til 24. januar 2021, og er som følgjer:

Leiar:

Professor Trygve Bergsåker, Øvre Eiker

Nestleiarar:

Førsteamanuensis Markus Hoel Lie, Tromsø
Professor Hilde Hauge, Bergen
Professor Harald Benestad Anderssen, Oslo (ny)
Seniorrådgivar Janicke Wiggen, Oslo

Medlemer:

Seniorrådgjevar Torgeir Øines, Bodø (ny)
Advokat Mette Thorne Lote, Oslo
Advokat Veronica Lorentzen Drivstuen, Stjørdal
Advokat Tien Duc Nguyen, Oslo (ny)
Advokat Signe Eriksen, Stavanger
Advokat Jon-Andreas Lange, Oslo (ny)
Advokat André Fimreite, Oslo
Advokat Anders Aasland Kittelsen, Bærum (ny)
Advokat Jon Fors-Skjæveland, Oslo
Advokat Camilla Tellefsdal Robstad, Asker (ny)
Advokat Henrik Tore Dahl, Oslo
Advokat Dag Trygve Berntsen, Bodø
Advokat Camilla Stenumgård, Ringebu
Advokat Monica Eidem Haugen, Trondheim (ny)

I tillegg vart tingrettsdomar Alice Jervell oppnemnd som ekstra nestleiar i august 2017.
Oppnemninga gjeld frå 1. september 2017 til 31. august 2021.

Tre medlemer deltek ved behandling av kvar sak. Leiaren og nestleiarane er juristar med domarkompetanse, og halvparten av dei ordinære medlemene har særleg innsikt i seljarsida og den andre halvparten har særleg innsikt i forbrukarsida.

Marknadsrådet har i 2017 hatt følgjande medlemer:

Leiar:

Professor Tore Lunde, Bergen

Nestleiar:

Sorenskrivar Liv Synnøve Taraldsrud, Kongsberg

Medlemer:

Førsteamanuensis Arve Pettersen, Trondheim
Rådgjevar Ronny Bratten, Tromsø
Advokat Signe Eriksen, Stavanger
Advokat Anna Elisabeth Nordbø, Bærum
Advokat Hege Stensland Sveen, Oslo
Seniorrådgjevar Tore Andreas Hauglie, Skedsmo
Advokat Trude Aspelund Strand, Hamar

I tillegg er det oppnemnd personlege varamedlemer for kvart medlem. Som utgangspunkt deltek alle medlemene ved behandling av kvar sak, men Marknadsrådet har kompetanse til å treffe vedtak når leiaren eller nestleiaren og minst fire andre medlemmer eller varamedlemer er til stades.

Nytt Marknadsråd var oppnemnd i desember 2017, og har følgjande medlemmer:

Leiar:

Professor Tore Lunde, Bergen

Nestleiar:

Sorenskrivar Liv Synnøve Taraldsrud, Kongsberg

Medlemer:

Professor Finn Arnesen, Oslo (ny)

Nemndleiar Selma Ilyas, Oslo (ny)

Advokat Jens-Henrik Lien, Hamar (ny)

Lagdomar Henriette Nazarian, Tromsø (ny)


Oppnemninga gjeld for perioden 1. januar 2018 til 31. desember 2021. Marknadsrådet vil etter ny lov kunne treffe vedtak når leiaren eller nestleiaren og to andre medlemmer deltek.

Sekretariatet har kontor i Nydalen i Oslo. Møta i Forbrukarklageutvalet og Marknadsrådet finn også stad her.

2.3 Utvalde hovudtal

Utvalde volumtal

Figur 1 syner talet på innkomne saker og talet på behandla saker dei siste ti åra.




Figur 1. Saksinnang og behandla/henlagte saker i Forbrukarklageutvalet i perioden 2007-2017

Forbrukarklageutvalet har dei siste åra hatt ein stigande saksinngang. I 2016 auka saksinngangen med heile 30 prosent, og det var venta at auken ville halde fram. I 2017 har derimot saksinngangen gått ganske mykje ned. Det kom inn ca. 1540 saker i 2017 mot ca. 2350 saker i 2016.

Utvalet har i 2017 behandla 1996 saker, og ca. 163 saker vart henlagt. Til samanlikning vart det i 2016 behandla 1802 saker, og 217 saker vart henlagt.

Figur 2 syner talet på saker Marknadsrådet har teke mot til behandling dei siste fem åra. I 2017 tok Marknadsrådet mot 28 saker til behandling frå Forbrukartilsynet. Seks av sakene vart brakt inn for realitetsbehandling i Marknadsrådet, medan 22 saker gjaldt klage på at Forbrukartilsynet ikkje har tatt ei sak til behandling, såkalla nedprioriteringssaker.



Figur 2. Saksinngang i Marknadsrådet i perioden 2013-2017.

Utvalde rekneskapstal

Tabell 1. Utvalde rekneskapstal for perioden 2015-2017

	2015	2016	2017
Talet på årsverk	8,95	9,9	10,7
Samla tildeling	10 771	11 090	12 742
Utnyttingsgrad (prosent)	88,7	98,1	97,9
Utgifter til drift og investering Sekretariatet	2 065	2 519	2 230
Lønskostnadar Sekretariatet*	4 962	5 606	7 112
Lønskostnadar per årsverk*	554	566	665
Forbrukarklageutvalet (honorar, reise mm.)	2 042	2 363	2 574
Marknadsrådet (honorar, reise mm.)	483	381	545

Tal i heile tusen. *I 2017 inkluderer lønskostnadane også utgifter til pensjon.

Del 3

Årets aktivitetar og resultat

3.1 Forbrukarklageutvalet

Mål- og resultat

Sekretariatet skal bidra til å realisere Delmål 7.2 i Prop. 1 S (2015-2016) «God og effektiv løysing av forbrukartvistar». Styringsparameteren for sakene i Forbrukarklageutvalet er behandlingstid. Resultatkravet for 2017 var behandlingstid på under 90 dagar rekna frå fristen for sluttmerknadar.

På grunn av svært høg saksinnang i 2016 hadde Forbrukarklageutvalet restansar i starten av 2017. Saksbehandlingstida var på rundt sju månader rekna frå saka kom inn til Forbrukarklageutvalet. Det var førebudd fleire saker i sekretariatet enn det var tilgjengeleg kapasitet i utvalet, slik at det var kø for å få saker behandla på møte. Dei tildelte midla var ikkje tilstrekkelege for å halde like mange møte i utvalet som i 2016. Det var også venta at saksinngangen skulle halde fram med å auke, slik som dei siste ti åra. Mykje tydde derfor på at restansane ville auke vidare i 2017.

For å utsetje ein mogeleg auke i restansane vart det satt opp ein møteplan med like mange møte som i 2016, altså 48 møte. Vi var budd på å måtte avlyse møte mot slutten av året på grunn av manglande dekning i budsjettet.

I revidert nasjonalbudsjett vart løyvinga auka med ein million kroner for å styrke kapasiteten i Forbrukarklageutvalet. Dette gjorde at den fastlagde møteplanen kunne gjennomførast. I tillegg vart det oppnemnd ein ekstra nestleiar, slik at det kunne setjast opp fem møte i tillegg hausten 2017. For å førebu saker vart det tilsett to saksbehandlarar mellombels i tre månader. I tillegg vart det jobba overtid for å klargjere og ferdigstille saker. Dette gjorde at det til saman vart fatta 1996 vedtak i utvalet i 2017.

Saksinngangen vart ikkje så høg som venta i 2017. Samla sett ga auka produksjon og lågare saksinnang ein reduksjon i restansane med over 600 saker. Saksbehandlingstida vart derfor redusert gjennom året, og ved utgangen av 2017 kom behandlingstida ned til lovas krav om behandling innan 90 dagar.

Vår vurdering er at kvaliteten på vedtaka er høg. Både utvalsmedlemer og saksbehandlarane i sekretariatet har svært høg kompetanse innanfor fagområdet. Berre to til tre prosent av sakene vert brakt vidare til tingretten. Dette talar for at vedtaka har høg aksept hos partane, sjølv om ikkje alle er nøgde med saksutfallet.

Ny lov og forskrift

Ny lov og forskrift om Forbrukarklageutvalet gjaldt for saker som kom inn etter 1. mars. På grunn av restansar frå 2016 vart ikkje saker etter ny lov, med unntak avvisingssaker og nokre saker om «fast praksis», behandla i utvalet før i oktober 2017. Dei fleste sakene som vart avgjort i 2017 vart derfor avgjort etter den førre lova.

I forkant av den nye lova og forskrifta vart det gjennomført ein full gjennomgang av rutinane for saksbehandlinga. Det vart laga nye malar for vedtak, og utarbeidd ny informasjon til partane. I tillegg er det gjort endringar på nettsida slik at informasjonen samsvarar med krava i den nye lova.

Som tidligare skal dei fleste sakene i Forbrukarklageutvalet avgjerast av tre medlemer. Ei vesentleg endring i den nye lova er at nokre saker kan avgjerast av leiar/nestleiar åleine. Dette gjeld for saker om avvising, retting og gjenopning, og i saker der utvalet har fast praksis eller har avgjort ei sak på prinsipielt grunnlag. Det er etablert ei vaktordning for «leiar åleine»-sakene, slik at leiar og nestleiarane tek hand om desse sakene ein månad kvar. Dette har fungert godt, og gjer at desse sakene kan behandlast raskt og effektivt, og innan fristen på tre veker for saker om avvising. I 2017 er det fatta 92 vedtak av leiar åleine. Omkring halvparten gjaldt avvising og halvparten «fast praksis».

Med ny lov vart arbeidsdelinga mellom Forbrukarrådet og Forbrukarklageutvalet endra. Forbrukarrådet skal ikkje lenger vere saksførebuaende organ, men det er lagt til grunn i lovforarbeida at Forbrukarrådet skal behandle sakene på same måte som tidlegare. Forbrukarrådet og Forbrukarklageutvalet har vorte samde om ei god arbeidsdeling, og har tett dialog om utfordringar som oppstår. Endringa inneber at sekretariatet i større grad rettleier partane om utforming av krav og påstandar, og i større grad ber partane om å sende dokumentasjon i den første fasen.

Forbrukarklageutvalet har i ny lov fått utvida kompetanse til også å kunne behandle prinsipielle saker utanfor det ordinære verkeområdet. I 2017 har utvalet motteke to slike saker. Ei av desse er behandla av utvalet, medan den andre vart returnert på grunn av feil partstilhøve.

Den nye lova påverkar i liten grad utfallet i sakene. Færre saker vert avvist som følgje av for sein klage. Dette skuldast at fristen for å klage no ikkje kan setjast kortare enn eit år frå partane klaga til motparten. Fleire saker er også avvist fordi kravet var erkjent.


Informasjon om sakene som er behandla

Etter den nye forskrifta om Forbrukarklageutvalet § 14 skal årsrapporten innehalde ein del informasjon om sakene og saksbehandlinga. Dette følgjer nedanfor i same rekkefølge som i forskrifta:

a) talet på klager som kom inn og kva dei gjaldt


Forbrukarklageutvalet fekk i 2017 inn ca. 1540 klagesaker.

Figur 3 syner kva sakene som vart avslutta i 2017 gjaldt.



Figur 3. Oversikt over saksområde for vedtak frå 2017.

Figur 4 syner fordelinga i høve til størrelsen på krava.



Figur 4. Oversikt over kravstørrelse i 2017.

Ca. 12 prosent av sakene gjaldt tvistar mellom to private partar. Til samanlikning var ca. 17 prosent av sakene mellom private partar i 2016 og ca. 13 prosent i 2015.

b) talet på avviste klager, og prosentdel i høve til avvissingsgrunn, jf. lova § 5

Utvalet har i 2017 avvist 102 saker. For saker som følgjer ny lov vart 45 saker avvist av leiar åleine, medan fire saker vart avvist etter behandling i møte i utvalet.

I Tabell 2 er synt prosentvis fordeling på kvar heimel for avvising i forbrukarklagelova.

Tabell 2. Fordeling på heimel for avvisning.

Heimel for avvising	Prosentdel
Sak avgjort eller under behandling ved domstol eller anna klageorgan, § 5 (1) b	6 %
Klaga kan openbert ikkje få medhald, § 5 (1) c	2 %
Saka reiser bevissspørsmål som ikkje er egna for skriftleg behandling, § 5 (1) f	27 %
Fristen for klage er gått ut, § 5 (1) h	16 %
Klaga høyrer ikkje inn under Forbrukarklageutvalet sitt verkeområde, § 5 (2) a	49 %


Dei andre heimlane for avvising er ikkje nytta.

c) prosentdel avbrotne klagesaker, og årsaka til det

10,5 prosent av dei innkomne sakene er lagt bort. Årsaka til dette er i hovudsak at partane har vorte samde, at den eine parten har gått konkurs, eller at saka er sendt i retur til Forbrukarrådet fordi det ikkje er mekla overfor den rette parten.

d) prosentdel løysingar til fordel for forbrukar og næringsdrivande, og saker som har enda med minneleg løysing

Figur 5 syner resultat i sakene som er behandla i Forbrukerklageutvalet.



Figur 5. Resultat i saker behandla i Forbrukarklageutvalet i 2016 og 2017.

Samanlikna med 2016 kan ein sjå ein auke i talet på saker der klagaren ikkje har fått medhald. Den prosentvise fordelinga er 28,5 prosent medhald til forbrukaren, 33 prosent delvis medhald, 34 prosent ikkje medhald, medan 4,5 prosent av sakene vart avvist. 104 saker vart lagt bort fordi partane har forlikt saka. Statistikken skiljer ikkje mellom saker der ein forbrukar og ein næringsdrivande er partar og der det er to private partar, og er derfor

ikkje heilt presis. Likevel gjev statistikken eit bilete av løysingar til fordel for forbrukar og næringsdrivande.

e) gjennomsnittleg saksbehandlingstid

Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida har i 2017 vore ca. sju månader rekna frå saka kom inn til utvalet. Behandlingstid rekna frå utvalet fekk inn den fullstendige klagesaka, var noko i overkant av fem månader i gjennomsnitt.

f) talet på klagesaker som vart behandla innan lovas saksbehandlingsfrist på 90 dagar, og talet på saker som har fått forlenga saksbehandlingsfrist, jf. lovas § 6 femte ledd

Som omtalt i punktet «Mål og resultat» har få saker vorte behandla innanfor lovas frist på 90 dagar. Frå og med vedtak gjort i 2018 har behandlingstida vore innanfor fristen på 90 dagar. Dette inneber at saker som kom inn til utvalet frå og med 1. september 2017 har vorte behandla innanfor fristen.

Heimelen for forlenga saksbehandlingsfrist i lovas § 6 femte ledd er ikkje nytta.

g) i kva for omfang vedtaka vert etterlevd, dersom dette er kjent

Sekretariatet er kjent med at 46 saker er tatt vidare til tingretten i 2017. Dette er ca. 2,3 prosent av sakene som har vorte behandla. Det reelle talet kan vere noko høgare, sidan ei stevning også kan sendast direkte til tingretten utan at sekretariatet vert bedd om å sende dokumenta i saka. Vi har ikkje tal for kor mange som faktisk får oppgjer i samsvar med vedtaket. Sekretariatet gjev mange råd om korleis dei kan få bistand av namsmannen for å krevje inn pengane dei har krav på i følgje vedtaket.

h) eventuelle systematiske eller vesentlege problem som førekjem ofte og førar til tvistar mellom forbrukarar og næringsdrivande; og eventuelle råd om korleis slike problem kan verte unngått eller løyst i framtida

Sekretariatet ser ikkje spesielle problem i lovverket som fører til tvistar mellom forbrukarar og næringsdrivande.

Enkelte forbrukarar trur dei har fleire rettar enn dei faktisk har etter lova. Dette kan føre til fleire tvistar og at færre får medhald. Årsaka til dette kan vere at enkelte næringsdrivande tilbyr betre rettar enn etter lova, for eksempel «nøgdgaranti», byterett og anna, slik at nokre forbrukarar trur at dette er rettar dei har ved alle kjøp.

Eit praktisk problem vi ofte ser, er at mange betaler for varer dei kjøper over internett utan at dei får varen. Dette gjeld i hovudsak kjøp mellom private partar. Betre løysingar for trygg betaling ved kjøp på internett kan vere eit tiltak for å unngå denne problemstillinga.

Kjøparen kan også sikre seg betre ved å ikkje betale før han har fått varen.

i) Forbrukarklageutvalets eventuelle deltaking i nettverk av klageorgan som legg til rette for behandling av klagesaker over landegrensene.

Sekretariatet har i 2017 delteke på eit nettverksmøte i Danmark for dei nordiske forbrukarklageorgana. Nytt møte i nettverket skal arrangerast i Stavanger i mai 2018. Nettverket legg ikkje særskilt til rette for behandling av klagesaker over landegrensene.

j) Forbrukarklageutvalets eventuelle opplærings- og kompetansetiltak,

Sekretariatet har i 2017 gjennomført fleire opplærings- og kompetansetiltak.

I samband med at nytt utval vart oppnemnd vart det halde eit plenumsmøte i utvalet i byrjinga av året. Her vart rutinar, nye lovreglar og praktiske spørsmål gjennomgått. I tillegg diskuterte utvalet faglege spørsmål for å sikre einskapleg praksis. Nytt plenumsmøte vart halde i desember.

Nye tilsette i sekretariatet har fått grundig opplæring, i hovudsak ved at tre saksbehandlarar har hatt hovudansvar for opplæring av ein ny tilsett kvar. Hovudfokus i sekretariatet i 2017 vore på produksjon, likevel er tiltak for å heve kompetansen gjennomført. Fem tilsette i sekretariatet deltok på Forbrukarrådets tvisteløysingsseminar i Tromsø. Sekretariatet har hatt ein fagdag, og besøk frå stevnevitne i Oslo for å lære meir om forkynning. I tillegg vert det lagt vekt på kunnskapsdeling i kvardagen og på interne møte.

k) evaluering av utvalets effektivitet, og forslag til forbetringstiltak.

Utvalet har arbeidd svært effektivt i 2017, og det er behandla fleire saker enn nokon gong tidligare. Dette har vore arbeidskrevjande både for medlemene i utvalet og sekretariatet.

I første halvdel av året vart det sett opp 38, og nokre gonger 39, saker per møte. Dette var effektivt, men sekretariatet fekk tilbakemelding frå fleire utvalsmedlemer om at det var for mange saker per møte. Det vart krevjande å halde sakene frå kvarandre, og dette kunne gå utover kvaliteten. Talet på saker per møte vart derfor redusert hausten 2017. I 2018 vert det førebels sett opp maks 33 saker per møte. Dette kan verte justert i løpet av året.

Sekretariatet vurderer kontinuerleg sine arbeidsprosessar for å vere mest mulig effektive. Målkrav og høgt fokus på produksjon gjer at alle bidreg med innspel til forbetring og utvikling. I 2018 vil sekretariatet jobbe vidare med forbetringar i arkiv- og saksbehandlingsverktøyet for at det skal fungere optimalt for våre oppgåver.

3.2 Marknadsrådet

Mål- og resultat

Sekretariatet skal gjennom si verksemd bidra til effektiv behandling av saker etter marknadsføringslova, angrerettlova, og klagesaker knytt til reglane om merking i tobakkskadelova og reklameforbodet i alkohollova og tobakkskadelova.

I 2017 fekk Marknadsrådet inn seks saker om brot på marknadsføringslova, og 22 klager på at Forbrukartilsynet ikkje hadde teke ei sak til behandling, også omtalt som nedprioriteringssaker.

Resultatkravet er at gjennomsnittleg behandlingstid for sakene til Marknadsrådet, som gjeld klage på marknadsføring etter marknadsføringslova, skal vere under tre og ein halv månad.

Den gjennomsnittlege behandlingstida for saker til realitetsbehandling (ikkje nedprioriteringssaker) vart 118 dagar, eller litt i overkant av tre og ein halv månad. Årsaka til at behandlingstida vart noko høgare enn resultatkravet, er samansett. I tre av sakene har det vore nødvendig å utsetje planlagde møte etter oppmoding frå partane. Det var utfordrande å finne nye datoar som har passa for tilstrekkeleg mange medlemmer av Marknadsrådet. For å få på plass endelege datoar for møta tidlegare, vart vi på slutten av året samde med Forbrukartilsynet om at saka skulle sendast over allereie når dei fekk inn klaga, og ikkje når sakssamandraget var klart. Dette har gitt noko lengre behandlingstid i Marknadsrådet i dei to siste sakene, medan den samla behandlingstida reelt sett vart kortare. Saksbehandlingstida for nedprioriteringssakene er vesentleg lågare.

Marknadsrådet fekk ikkje inn klager på vedtak frå Sosial- og helsedirektoratet om brot på reglane om merking i tobakkskadelova eller reklameforbodet i tobakkskadelova og alkohollova i 2017.

Omtale av sakene

Det vart helde munnleg behandling i alle dei seks sakene om brot på marknadsføringslova. Tre av sakene vart avgjort i samsvar med påstanden frå Forbrukartilsynet, medan den næringsdrivande fekk medhald i dei andre tre sakene.

Tre av sakene omhandla spørsmål om gebyr og tvangsmulkt for brot på reglane i marknadsføringslova om urimelege/ulovlege avtalevilkår og handelspraksis. Dei tre andre sakene gjaldt spørsmålet om det skulle setjast forbod, kombinert med tvangsmulkt, mot framtidig marknadsføring. To av sakene retta seg mot prismarknadsføring i sportsvarebransjen, som Forbrukartilsynet har hatt fokus på over ein periode. Dei andre sakene gjaldt betalingsteneste, kredittavtaler, spørsmål om samtykkje til marknadsføring med meir.

Lovendringar

Nye reglar for handheving i marknadsføringslova tok til å gjelde 1. januar 2018. Det er også vedteke ei ny forskrift for saksbehandlinga.

Ei viktig endring er at Forbrukartilsynet no vil kunne treffe vedtak i alle typar saker, og at Marknadsrådet vert eit reint klageorgan. I tillegg skal vedtak no som hovudregel treffast av eit utval på tre medlemmer, i staden for ni medlemmer. Enkelte avgjerder vil kunne gjerast av leiar eller nestleiar åleine. Saksbehandlinga skal i hovudsak vere skriftleg, men Marknadsrådet vil framleis kunne innkalle til munnleg behandling av saka dersom omsynet til opplysning av saka, effektiv bruk av ressursane eller partane sin rettstryggleik talar for det. Lovendringa inneber også at sekretariatet skal dekkje sakskostnadar som parten vert tilkjent, jf. forvaltningslova § 36.

Sekretariatet vil kome tilbake med informasjon om verknadene av dei nye reglane når dei har vore i kraft ein periode.

Del 4 Styring og kontroll av verksemda

4.1 Overordna vurdering av styring og kontroll

Sekretariatet si generelle vurdering er at verksemda tilfredsstillar krava som vert stilt til styring og kontroll i ulike regelverk. Sekretariatet for Marknadsrådet og Forbrukarklageutvalet er ei lita verksemd, og internkontrollsystemet er tilpassa deretter.

Det vert lagt opp til at systemet for styring og kontroll jamleg vert gjennomgått og forbetra. Vi ser at vi kan bli betre på enkelte område. Internkontrollsystemet for informasjonssikkerheit treng mellom anna ein større gjennomgang. Dette er ei prioritert oppgåve for 2018.

Det er gjennomført fleire tiltak for å effektivisere og digitalisere i 2017 som er nærare omtalt nedanfor.

4.2 Nærare omtale av vesentlege forhold ved styring og kontroll

Økonomistyring

Sekretariatet er fullservicekunde hos DFØ på løn og rekneskap. En vesentleg del av økonomioppgåvene utførast derfor av DFØ.

Ansvaret for økonomistyringa ligg hos direktøren. Tett budsjettstyring har vore viktig i 2017 med mange variable kostnader. Sekretariatet sin interne økonomiinstruks og rutinebeskriving vart sist oppdatert 23. mars 2017.

Krav om å effektivisere og digitalisere

Det følgjer av tildelingsbrevet pkt. 7.1 at det skal gjerast greie for tiltak som er sett i verk og planlagt for å effektivisere og digitalisere.

I 2017 har sekretariatet kjøpt inn ein digital møteportal for å sende saksdokumenta elektronisk til utvalsmedlemene. Forbrukarklageutvalet har nytta portalen sidan mai, og dette har i hovudsak fungert godt. Mange er nøgde, medan andre framleis meiner det er uvant å lese dokumenta på skjerm. Utvalsmedlemene kan nytte portalen både på PC og Ipad, og kan mellom anna notere i dokumenta, sende meldingar til kvarandre og merke sider. Portalen har gitt innsparingar på porto, papir og kopiering. Innsparingane har vorte nytta til å behandle saker i utvalet.

Det har i fleire år vore jobba med ei sikker løysing for elektronisk overføring av saksdokument frå Forbrukarrådet til Forbrukarklageutvalet. I 2016 vart det inngått avtale med Acos om levering av ei løysing, BEST/EDU, som skulle fungere for formålet. Det var dessverre problem med BEST/EDU allereie frå start. Først tok det lang tid før løysinga fungerte godt nok til at vi kunne setje i gang testing. Då løysinga vart teken i bruk kom dokumenta fram i feil rekkefølge, nokre saker kom ikkje fram i det heile, medan andre saker kom fleire gonger. Dette ga mykje meirarbeid. I slutten av juni kom vi fram til at det ikkje var forsvarleg å nytte systemet. Saman med Forbrukarrådet har vi reklamert på produktet, og

fått igjen pengane for installasjon, lisensar og bistand. Ei ny og enklare løysing er no under testing.

Andre tiltak for å effektivisere har vore gjennomgang av rutinane slik at alt som kan sendast på e-post vert sendt på e-post. Enkelte dokument må framleis sendast som brev. Dette gjeld forkynning, brev til namsmenn og vidareending av informasjon mellom partane som inneheld sensitive opplysningar.

For å redusere kostnader vert utvalsmedlemene oppmoda til å bestille flybillettar tidleg, og reise kollektivt når det er høve til det. Ny leigeavtale for kopimaskin har også gitt innsparingar.

Produksjonsmål og rapportering

Sekretariatet har tett oppfølging av kor mange saker som vert førebudd for behandling i utvalet. Det er fastsett som produksjonsmål at kvar saksbehandlar skal førebu 250 saker per år. Saksbehandlarane rapporterer kvar veke om kor mange saker som er førebudd. Berre leiar og saksbehandlaren har tilgang til produksjonstal for kvar saksbehandlar, men alle får informasjon om totalproduksjonen per veke.

I 2017 førebudde sekretariatet 1810 saker for utvalet. Dette er 250 saker i gjennomsnitt per saksbehandlar. Dette er noko lågare enn i 2016, då talet var 1963 totalt. Dette skuldast fleire faktorar. For det første førte fleire møte i utvalet hausten 2017 til at meir tid gjekk med til å avslutte saker. I tillegg slutta ein erfaren saksbehandlar, og dei mellombels tilsette hadde naturleg nok lågare produksjon. At lovendingane har gjeve meir arbeid i den første fasen av kvar sak, kan også ha vore ein medverkande faktor. Talet på førebudde saker er likevel svært høgt, og vår vurdering er at det har vore jobba effektivt og målretta i 2017.

Helse, miljø og sikkerheit

Sekretariatet jobbar systematisk med helse, miljø og sikkerheit. I 2017 har vi hatt problem med at ventilasjonsanlegget ikkje har fungert. Dette førte til for høge temperaturar i kontorlokala i sommarhalvåret. Etter klager overfor utleigar vart nytt ventilasjonsanlegg installert i haust.

I januar 2018 deltok alle tilsette på eit førstehjelpskurs i regi av Røde Kors.

Sosiale omsyn og miljøkrav i anskaffingar

Sekretariatet vil framover vere omfatta av felles innkjøpsavtalar som vert forhandla fram av Statens innkjøpscenter. I desse forhandlingane vil det bli stilt krav til sosiale omsyn og miljø. Foreløpig har vi vorte innlemma i avtaler om kjøp av kontorrekvisita og reisebyråteneste.

Sekretariatet har ikkje gjort andre innkjøp i 2017 der det har vore aktuelt å stille sosiale krav. Det vart stilt miljøkrav ved innhenting av tilbod om ny avtale om leige av kopimaskin. Forbruket av papir har vorte vesentleg redusert som følgje av overgangen til elektronisk møteportal som alternativ til kopiering av dokumenta til utvalsmedlemene.

Sikkerheit og beredskap

Sekretariatet har nyleg oppdatert risiko- og sårbarheitsanalysen for sikkerheit og beredskap. I tillegg er krise- og beredskapsplanen oppdatert og gjennomgått på internmøte i verksemda. Desse dokumenta vert sende til departementet som vedlegg til årsrapporten.

Utleigar av kontorlokala har arrangert felles brannøving for heile bygget i 2017. Evakuering av lokala fungerte godt.

Sekretariatet har gjennomført kriseøving med informasjonssikkerheit som tema i 2017. Øvinga vart utført som ledd i førebuinga til ein større gjennomgang av styringssystemet for informasjonssikkerheit. Øvinga bidrog til større merksemd rundt rutinar for personvern og informasjonssikring, og viste også at rutinane kan forbetrast. Evalueringsrapport, med ei omtale av oppfølgjingsiltak, følger vedlagt årsrapporten.

Varslingsrutinar

Sekretariatet har interne rutinar for varsling i samsvar med arbeidsmiljølova § 3-6. Rutinane er nyleg gjennomgått på internmøte i verksemda. I hovudsak fokuserer rutinane på den tilsette sin rett og plikt til å varsle. Det skal som hovudregel varslast til direktøren, men det kan også varslast internt til HMS-kontakten eller tillitsvalde. Dersom direktøren ikkje tek tak i varselet, eller dersom varslinga gjeld forhold hos direktøren, kan det varslast direkte til departementet og/eller andre offentlege myndigheiter som Arbeidstilsynet og politiet.

4.3 Personalforvaltning og bemanning

Oppfølging av IA-avtalen

Sekretariatet har inngått IA-avtale. Målet med avtala er å førebyggje og redusere sjukefråværet, styrke jobbnærleiken og betre arbeidsmiljøet.

I 2017 har Sekretariatet hatt eit eigenmeldt sjukefråvær på 1,2 prosent, og eit lækjarmeldt sjukefråvær på 0,5 prosent, til saman 1,7 prosent. Dette vurderast som gledeleg lågt.

Dei tilsette i sekretariatet er i aldersgruppa 26 til 49 år. Det har derfor ikkje vore aktuelt med seniorpolitiske tiltak i sekretariatet i 2017.

Aktivitet- og utgreiingsplikter

Sekretariatet har i 2017 hatt ein mann i full stilling, og to menn i mellombels tilsetjing i kortare periodar. Det ei målsetting å betre balansen mellom kjønna på sikt. Verksemda har fleire tilsette med innvandrarbakgrunn.

Sekretariatet har fokus på å ha eit godt og inkluderande arbeidsmiljø. Det vert lagt vekt på å leggje til rette for foreldre med små barn og utfordringar i ulike livsfasar.

Sekretariatet har hatt ei stillingsutlysing i 2017. Kvalifiserte kandidatar vart då oppfordra til å søkje uavhengig av alder, kjønn, etnisitet og nedsett funksjonsevne.

Nettsidene til Marknadsrådet og Forbrukarklageutvalet er universelt utforma med sikte å gjere dei lettare å lese for svaksynte.

Del 5

Vurdering av framtidsutsiktene

Sekretariatet vil halde fram med å jobbe for god og effektiv organisering av arbeidet i Forbrukarklageutvalet og Marknadsrådet.

Det vert viktig å legge godt til rette for dei nye medlemene i Marknadsrådet, og etablere gode rutinar for saksbehandlinga etter endringane i marknadsføringslova.

Vi vil ha fokus på et tett samarbeid med Forbrukartilsynet og Forbrukarrådet for at saksførebuinga skal bli best mogeleg, og for at brukarane skal få ei god oppleving av forbrukarapparatet samla sett. For å lære av kvarandre vil sekretariatet og Forbrukarrådet setje i gang med ei hospiteringsordning i 2018. Det vil bli gjennomført hospitering både for juristar og for arkivmedarbeidarar. Vi vil også ha kontakt med andre underliggande etatar i Barne- og likestillingsdepartementet og andre tvisteløysings- og klageorgan, for å utveksle erfaringar og kunnskap.

Den største utfordringa for sekretariatet framover vert å tilpasse verksemda til varierende saksinngang. I 2016 var saksinngangen rekordhøg, og det var venta at veksten ville halde fram. Dette skjedde ikkje, og saksinngangen gjekk i staden tilbake i 2017. Det er nå uvisst om saksinngangen vil stabilisere seg på eit lågare nivå eller om saksinngangen på nytt vil stige. Dette vil mellom anna vere avhengig av saksinngang, løysingsgrad og restansar hos Forbrukarrådet. At behandlingstida no har gått ned hos Forbrukarklageutvalet kan også føre til at fleire vel å bringe saka inn for Forbrukarklageutvalet i staden for forliksrådet.

Auka løyving for 2018 gjer at Forbrukarklageutvalet skal kunne handtere ein saksinngang omkring nivået i 2016.

Det er usikkert om endringane i marknadsføringslova vil føre til fleire saker for Marknadsrådet. Dette vil mellom anna vere avhengig av om Forbrukartilsynet vil endre praksis og treffe fleire vedtak.

Ein faktor som skaper usikkerheit for økonomistyringa, er at sekretariatet no skal dekkje kostnadar som parten vert tilkjent i saker for Marknadsrådet. Dette vil vere ei utgift som er heilt utanfor sekretariatet sin kontroll, og kostnaden vil kunne variere mykje frå år til år.

Det vil framover verte jobba med god informasjon til brukarane, mellom anna gjennom forbetring av informasjonen på nettsidene.

Ein større gjennomgang av styringssystemet for informasjonssikkerheit vil verte gjennomført i 2018. Dette inneber mellom anna å sikre at personopplysningar vert handtert i samsvar med nye reglar om personvern.

Kommentarar frå leiinga

Formål

Sekretariatet for Marknadsrådet og Forbrukarklageutvalet er eit ordinært statleg forvaltingsorgan som ligg under Barne- og likestillingsdepartementet. Gjennom å organisere og legge til rette for arbeidet i Forbrukarklageutvalet og Marknadsrådet skal sekretariatet bidra til å realisere målet om god og effektiv løysing av forbrukartvistar. Sekretariatet fører rekneskapen etter kontantprinsippet, slik som beskrive i prinsippnote til årsrekneskapen.

Stadfesting

Årsrekneskapen er avlagd i tråd med føresegner om økonomistyring i staten med tilhøyrande rundskriv frå Finansdepartementet og revidert instruks for økonomi- og verksemdsstyring frå Barne- og likestillingsdepartementet av 30. juni 2014.

Årsrekneskapen gir eit dekkjande bilete av dei disponible løyvingane til verksemda og av dei rekneskapsførte utgiftene, inntektene, eigendelane og den rekneskapsførte gjelda.

Vesentlege forhold ved årsrekneskapen

I 2017 har Sekretariatet for Marknadsrådet og Forbrukarklageutvalet disponert ei samla løyving på 12 742 000 kroner. Dette inkluderer ei tilleggslyve i revidert nasjonalbudsjett på 1 000 000 kroner. Mindreutgifta vart 267 138 kroner, og søkjast overført til neste år.

Artskontorapporteringa viser at utgiftene til drift og investering til saman utgjorde 12 474 862 kroner mot 10 883 930 kroner i 2016. Kostnadane til løn har auka, medan andre driftsutgifter har gått ned. Ei vesentleg årsak til auken i lønskostnadar er at verksemda frå 2017 også dekkjer pensjonsutgiftene til dei tilsette. I tillegg har verksemda hatt mellombels tilsette for å handtere restansane. Utgiftene til honorar til både Marknadsrådet og Forbrukarklageutvalet har auka som følgje av fleire behandla saker.

Dei andre driftskostnadane har gått noko ned som følgje av overgang til elektronisk møteportal, låge straumutgifter og tiltak for effektivisering. Lågare saksinnangang har også ført til reduserte utgifter til porto og annonser.

Verksemda har i 2017 endra kontering av utgifter til IKT. Dette inneber at det meste av utgiftene til IKT nå ligg under «Leie av maskiner, inventar og lignende» og ikkje under «Kjøp av fremmede tjenester», sjå Note 3. Desse postane må derfor sjåast i samanheng. Utgiftene til IKT har vore noko lågare i 2017 enn i 2016 fordi det ikkje har vore behov for større oppgraderingar.

Mellomverande med statskassa utgjorde ved årsslutt - 742 007 kroner, og gjeld i hovudsak skuldig skattetrekk.

Revisjonsordning

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfester årsrekneskapen for verksemda. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per dags dato, men revisjonsrapporten er venta i løpet av 2. kvartal 2018.

Rapporten vil bli publisert på Forbrukarklageutvalet og Marknadsrådet sine nettsider så snart dokumentet er offentleg.

Oslo, 28. februar 2018

Aslaug Skrede Gauslaa

direktør

Sekretariatet for Marknadsrådet og Forbrukarklageutvalet

Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskapen er utarbeidd og avlagd etter retningslinjer som er fastsett i føresegner om økonomistyring i staten. Rekneskapen er ført i samsvar med krava i føresegnene punkt 3.4.1, nærare føresegner i Finansdepartementet sitt rundskriv R-115 og ytterlegare krav som er fastsett av overordna departement.

Oppstillinga av løyvingrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i føresegnene punkt 3.4.2, dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- Rekneskapen følgjer kalenderåret.
- Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med brutto beløp.
- Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillingane av løyvingrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa korresponderar med krava i føresegnene punkt 3.5 om korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Verksemda er knytt til statens konsernkontoordning i Noregs Bank i samsvar med krava i føresegnene punkt 3.7.1. Bruttobudsjetterte verksemdar blir ikkje tilført likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. Ved slutten av året vert saldoen nullstilt på den einskilte oppgjerskontoen ved overgangen til nytt år.

Løyvingrapportering

Oppstillinga av løyvingrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingrapporteringa og ein nedre del som viser behaldningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyvingrapporteringa viser rekneskapstala som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Rapporten blir stilt opp etter kapitla og postane i løyvingrekneskapen som verksemda har fullmakt til å disponere. Kolonnen «Samla tildeling» viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrevet for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle eigendelar og plikter som verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen til staten.

Artskontorrapportering

Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar, og ein nedre del som viser eigendelar og gjeld som inngår i mellomvære med statskassen. Artskontorrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen etter standard

kontoplan for statlege verksemder. Sekretariatet har ein trekkrett på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje inntektsførte og er derfor ikkje tekne med som inntekt i oppstillinga.

Virksomhet: B9 - Sekretariatet for Markedsrådet og Forbrukerklageutvalget

Rapport kjørt: 25.01.2018

Oppstilling av bevilgningsrapportering 31.12.2017

Utgiftskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samlet tildeling*	Regnskap 2017	Merutgift (-) og mindreutgift
0867	Driftsutgifter	01			12 742 000	12 474 862	267 138
1633	Nettoordning for mva i staten	01			0	303 488	
<i>Sum utgiftsført</i>					12 742 000	12 778 349	

Inntektskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samlet tildeling*	Regnskap 2017	Merinntekt og mindreinntekt(-)
5309	Tilfeldige inntekter	29			0	13 855	
5700	Motkonto arbeidsgiveravgift	72			0	1 213 437	
<i>Sum inntektsført</i>					0	1 227 292	

Netto rapportert til bevilgningsregnskapet

11 551 057

Kapitalkontoer

60093401	Norges Bank KK /innbetalinger					123 333	
60093402	Norges Bank KK/utbetalinger					-11 584 041	
708059	Endring i mellomværende med statskassen					-90 349	
<i>Sum rapportert</i>						0	

Beholdninger rapportert til kapitalregnskapet (31.12)

		31.12.2017	31.12.2016	Endring
708059	Mellomværende med statskassen	-742 007	-651 658	-90 349

* Samlet tildeling skal ikke reduseres med eventuelle avgitte belastningsfullmakter. Se note B for nærmere forklaring.

Virksomhet: B9 - Sekretariatet for Markedsrådet og Forbrukerklageutvalget

Note A Forklaring av samlet tildeling utgifter			
Kapittel og post	Overført fra i fjor	Årets tildelinger	Samlet tildeling
86701	206 000	12 536 000	12 742 000

Virksomhet: **B9 - Sekretariatet for Markedsrådet og Forbrukerklageutvalget**

Note B Forklaring til brukte fullmakter og beregning av mulig overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Merutgift(-)/ mindre utgift	Utgiftsført av andre iht. avgitte belastnings- fullmakter(-)	Merutgift(-)/ mindreutgift etter avgitte belastnings-fullmakter	Merinntekter / mindreinntekter(-) iht. merinntektsfullmakt	Omdisponering fra post 01 til 45 eller til post 01/21 fra neste års bevilgning	Innsparinger(-)	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart beløp *	Mulig overførbart beløp beregnet av virksomheten
86701		267 138		267 138				267 138	637 100	267 138

*Maksimalt beløp som kan overføres er 5% av årets bevilgning på driftspostene 01-29, unntatt post 24 eller sum av de siste to års bevilgning for poster med stikkordet "kan overføres". Se årlig rundskriv R-2 for mer detaljert informasjon om overføring av ubrukte

Virksomhet: B9 - Sekretariatet for Markedsrådet og Forbrukerklageutvalget

Oppstilling av artskontorrapporteringen 31.12.2017

	Note	2017	2016
Driftsinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Innbetalinger fra gebyrer	1	0	0
Innbetalinger fra tilskudd og overføringer	1	0	0
Salgs- og leieinntekter	1	0	0
Andre inntekter	1	0	0
<i>Sum inntekter fra drift</i>		0	0
Driftsutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Utgifter til lønn	2	9 900 525	7 970 512
Andre utgifter til drift	3	2 489 296	2 836 622
<i>Sum utgifter til drift</i>		12 389 821	10 807 134
Netto rapporterte driftsutgifter		12 389 821	10 807 134
Investerings- og finansinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Innbetaling av finansinntekter	4	0	0
<i>Sum investerings- og finansinntekter</i>		0	0
Investerings- og finansutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Utbetaling til investeringer	5	85 041	76 796
Utbetaling til kjøp av aksjer	5,8B	0	0
Utbetaling av finansutgifter	4	0	0
<i>Sum investerings- og finansutgifter</i>		85 041	76 796
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		85 041	76 796
Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten			
Innbetaling av skatter, avgifter, gebyrer m.m.	6	0	1 613
<i>Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten</i>		0	1 613
Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten			
Utgifter av tilskudd og stønader	7	0	0
<i>Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</i>		0	0
Inntekter og utgifter rapportert på felleskapitler *			
Grupplivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		13 855	13 970
Arbeidsgiveravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		1 213 437	985 306
Nettoføringsordning for merverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		303 488	396 185
<i>Netto rapporterte utgifter på felleskapitler</i>		-923 804	-603 090
Netto rapportert til bevilgningsregnskapet		11 551 057	10 279 227

Oversikt over mellomværende med statskassen **

Eiendeler og gjeld	2017	2016
Fordringer	52 500	0
Kasse	0	0
Bankkontoer med statlige midler utenfor Norges Bank	0	0
Skyldig skattetrekk	-794 507	-651 658
Skyldige offentlige avgifter	0	0
Annen gjeld	0	0
Sum mellomværende med statskassen	8	-651 658

* Andre ev. inntekter/utgifter rapportert på felleskapitler spesifiseres på egne linjer ved behov.

** Spesifiser og legg til linjer ved behov.

Kontrollsum:

11 551 057

11 551 057

0

Virksomhet: B9 - Sekretariatet for Markedsrådet og Forbrukerklageutvalget

Note 1 Utbetalinger til lønn

	31.12.2017	31.12.2016
Lønn	5 679 546	5 084 244
Arbeidsgiveravgift	1 213 437	985 306
Pensjonsutgifter*	664 018	0
Sykepenger og andre refusjoner (-)	-109 764	-177 140
Andre ytelser	2 453 288	2 078 102
Sum utbetalinger til lønn	9 900 525	7 970 512
Antall årsverk:	10,7	9,9

*** Nærmere om pensjonskostnader**

For virksomheter som er omfattet av rundskriv R-118

Fra og med 1.januar 2017 betaler virksomheten pensjonspremie til SPK. For 2017 er arbeidsgivers andel av pensjonspremien 12 prosent.

For virksomheter som har betalt pensjonspremie til SPK før 2017 og dermed ikke er omfattet av rundskriv R-118
Pensjoner kostnadsføres i resultatregnskapet basert på faktisk påløpt premie for regnskapsåret. Premiesats for 2017 er xx,x prosent. Premiesatsen for 2016 var yy,y prosent.

Virksomhet: B9 - Sekretariatet for Markedsrådet og Forbrukerklageutvalget**Note 2 Andre utbetalinger til drift**

	31.12.2017	31.12.2016
Husleie	946 532	887 044
Vedlikehold egne bygg og anlegg	0	0
Vedlikehold og ombygging av leide lokaler	0	0
Andre utgifter til drift av eiendom og lokaler	69 599	136 937
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr mv.	3 419	1 355
Mindre utstysanskaffelser	26 506	8 698
Leie av maskiner, inventar og lignende	540 480	189 915
Kjøp av fremmede tjenester	40 874	649 620
Reiser og diett	399 490	390 707
Øvrige driftsutgifter	462 396	572 346
Sum andre utbetalinger til drift	2 489 296	2 836 622

Virksomhet: B9 - Sekretariatet for Markedsrådet og Forbrukerklageutvalget

Note 3 Utbetaling til investeringer og kjøp av aksjer

	31.12.2017	31.12.2016
<i>Utbetaling til investeringer</i>		
Immaterielle eiendeler og lignende	0	0
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	0	0
Beredskapsanskaffelser	0	0
Infrastruktureiendeler	0	0
Maskiner og transportmidler	0	0
Driftsløsøre, inventar, verktøy og lignende	85 041	76 796
Sum utbetaling til investeringer	85 041	76 796

	31.12.2017	31.12.2016
<i>Utbetaling til kjøp av aksjer</i>		
Kapitalinnskudd	0	0
Obligasjoner	0	0
Investeringer i aksjer og andeler	0	0
Sum utbetaling til kjøp av aksjer	0	0

Virksomhet: B9 - Sekretariatet for Markedsrådet og Forbrukerklageutvalget

Note 4 Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten

	31.12.2017	31.12.2016
Tilfeldige inntekter	0	1 613
Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til state	0	1 613

Virksomhet: B9 - Sekretariatet for Markedsrådet og Forbrukerklageutvalget

Note 5 Sammenheng mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen.

Del A Forskjellen mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen

	31.12.2017	31.12.2017	
	Spesifisering av bokført avregning med statskassen	Spesifisering av rapportert mellomværende med statskassen	Forskjell
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler*	0	0	0
Obligasjoner	0	0	0
Sum	0	0	0
Omløpsmidler			
Kundefordringer	0	0	0
Andre fordringer	52 500	52 500	0
Bankinnskudd, kontanter og lignende	0	0	0
Sum	52 500	52 500	0
Langsiktig gjeld			
Annen langsiktig gjeld	0	0	0
Sum	0	0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-265 798	0	-265 798
Skyldig skattetrekk	-794 507	-794 507	0
Skyldige offentlige avgifter	0	0	0
Annen kortsiktig gjeld	0	0	0
Sum	-1 060 305	-794 507	-265 798
Sum	-1 007 805	-742 007	-265 798

* Virksomheter som eier finansielle anleggsmidler i form av investeringer i aksjer og selskapsandeler fyller også ut note 8 B

Del B Spesifisering av investeringer i aksjer og selskapsandeler

	Ervervsdato	Antall aksjer	Eierandel	Stemmeandel	Årets resultat i selskapet	Balanseført egenkapital i selskapet	Balanseført verdi i regnskap*
<i>Aksjer</i>							
Selskap 1							
Selskap 2							
Selskap 3							
Balanseført verdi 31.12.2017							0

* Investeringer i aksjer er bokført til anskaffelseskost. Balanseført verdi er den samme i både virksomhetens kontospesifikasjon og kapitalregnskapet.

Ved utfylling av note 8, del B skal tall fra selskapets siste avlagte årsregnskap benyttes. Det vil forekomme at selskap som virksomheten har eierandeler i ikke har offentliggjort sitt årsresultat før virksomhetens frist for oversendelse av årsrapport med tilhørende årsregnskap (så snart det foreligger og innen 15. mars). Ved utfylling av noten kan dere benytte tall fra selskapets årsregnskap for året før. Om det ikke benyttes regnskapstall fra siste år bør dette opplyses om i noten.